

**PRESSEMELDING OM OPE MØTE OM
DOKUMENTASJONSPROSJEKTET «VALEN KRAFTVERK» I
VELFERDSBYGGET PÅ VALEN SJUKEHUS ONSDAG 8.
NOVEMBER KL. 18.00.**



Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum (NVIM) i Tyssedal har på oppdrag frå Hordaland fylkeskommune utført eit omfattande dokumentasjonsprosjekt om historia til Valen kraftverk. Resultatet vil bli presentert for alle interesserte onsdag 8.november kl. 18.00 i Velferdsbygget på Valen sjukehus i Kvinnherad. Arrangementet skjer i nært samarbeid med Valestiftinga, som har medverka som viktige informantar i prosjektet.

Valen asyl (seinare Valen sjukehus) vart bygd av Søndre Bergenhus Amt (seinare Hordaland fylke / fylkeskommune) frå 1908-10, og var eitt av dei aller første offentlege bygg - og det første sjukehuset i landet - som vart elektrifisert, ved hjelp av eit eige kraftverk. Historia til Valen sjukehus og Valen kraftverk heng difor nøye saman.

Gjennom arkivarbeid, foto, film, registrering av gjenstandar, bygg og anlegg og andre kulturminne knytta til kraftstasjon 1 frå 1910 og kraftstasjon 2 frå 1939 samt intervju med personar som har jobba i kraftanlegget, er denne historia tatt vare på for ettertida. Dette er både ei spanande lokal, regional og nasjonal krafthistorie . NVIM har og utarbeidd forslag til korleis denne historia kan formidlast, både via nettsida www.vasskrafta.no/valen, og på andre måtar. Frå i dag ligg ein førebels versjon av prosjektet på denne nettsida.

Onsdag den 8.november vil direktør Knut Markhus, prosjektleiar Terje Kollbotn og prosjektmedarbeidar og nettansvarleg Dag Endre Opedal frå NVIM møte Valestiftinga og alle andre interesserte for å formidle smakebitar frå den unike historia om kraftkrevjande psykiatri på Valen - og tankar om vegen vidare for Valen kraftverk som kulturminne.

*For ytterlegare informasjon, kontakt
prosjektleiar ved NVIM, Terje Kollbotn, tlf. 97194073 eller
styreleiar i Valestiftinga, Reidar Handeland, tlf. 90086073*

Vedlagt er noen foto frå Valen kraftverk som fritt kan nyttast av media.

